

## Styringsgruppe + referansegruppe BLR, 19.06.15

### Formannskapssalen 13.00 – 15.00

#### Desse møte;

Gyri E. Ziegler, Nina Bruvik, Monica Røttingen, Ingrid N. Kjørsvik, Knut Vidar Garlid, Helge Olav Nygård, Eirik-Andre` Hesthamar, Line Rye, Signe Christensen og Irene Ullensvang.

Sturle Lekven og Nina Moberg var forhindra frå å møte.

Innleiing og orientering v/ Line Rye	Kva har skjedd, kor står vi og kor går vegen vidare på området Oppvekst og kultur.  Info om OU-prosjekt knytt til pedagogisk leiing i dei kommunale barnehagane.
Eirik Andre`Hesthamar	Gjennomgang av bakgrunn for prosjektet, tidsperspektiv, mål, mandat og tankar for vegen vidare.
Irene Ullensvang	Gjennomgang av status på barnehageområdet.
Signe Christensen	Gjennomgang av status på skuleområdet.
Vegen vidare:	<b>Runde rundt bordet med innspel frå gruppa:</b>
	<p>Det som vert lagt fram er gode tankar og system. Deltakarane i referansegruppa ynskjer å få bidra meir aktivt inn i prosjektet framover.</p> <p>Fokus vidare må vere på ein god prosess for å sikre implementering.</p> <p>Framleis stor tru på prosjekt BLR.</p> <p>Skulane og barnehagane er ulike. Korleis klarar vi best å dra lasset vidare ilag?</p> <p>Håpar vi kan samla oss om implementering av LeseLos komande skuleår</p> <p>Nokon har ynskja seg nettverk på tvers av skular. Dette krev at skulane gjer det same og evaluerer erfaringar undervegs. Ei satsing på nettverk må vurderast og planleggast nøye dersom vi ynskjer å fokusere på det i vidare arbeid.</p> <p>Viktig å bidra til å styrke kvar enkelt tilsett sin innsats i arbeidet som vert gjort i barnehagane.</p>

	<p>Svært positiv til det arbeidet som er gjort i samband med DUÅ. Barnehagane er glade for å ha fått vore med på dette og ser at det er av betydning at heile personalgruppe er involvert i DUÅ-satsinga. Eit innspel til vidare arbeid er at styrar i barnehagane har fått ein innføring i DUÅ før resten av personalet startar kursing.</p> <p>Fleire av barnehagane har jobba godt og lenge med DUÅ og kan gjerne vere til hjelp for andre barnehagar.</p> <p>Hald fokus på 5-7 års planen! Spill folk inn og ha fokus på oppdraget.</p> <p>Vi ynskjer å vere tydelegare på kva prosjekt BLR er i møte med tilsette i barnehage og skule.</p> <p>Satsingar som blir initiert frå administrasjonen er innslag frå BLR og høyrer til under prosjekt-paraplyen.</p> <p><u>Utarbeide milepælsplan for vidare arbeid:</u></p> <ul style="list-style-type: none"><li>○ Lage plan for treffpunkt 2015/2016 - dele refansegruppa i skule og barnehage i delar av møtetida</li><li>○ KD og Udir sine satsingar må vere førande for vidare arbeid i prosjekt BLR</li><li>○ LeseLos / Kickoff 14. september i forbindelse med LeseLos</li><li>○ Fortsatt satsing på DUÅ i barnehagane</li></ul> <p><b>Ha fokus på forskning, faget og snakk om det vi veit.</b></p>
--	---

PowerPoint presentasjon som vart nytta i møtet er lagt ved i e-post.

Irene Ullensvang  
24.06.15